

# KYRKJEBLADET

68. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 1/2014

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 19



**No kjem biskopen!**

Side 5-7

**Marianne er på plass**

Side 8-9

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvardboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

### Trusopplærer / kyrkjelydsprest Marianne Bergsjø Gammelsæter

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 95 80 69 20

E-post: marianne@vaksdal.kyrkja.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanntida  
og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)*

*Bilete på framsida:*

*Trym får prøve seg på orgelet, og Tone*

*Synnøve hjelper til. Foto: Inger Line*

*Langhelle*

## Kyrkjebladet fornyer seg

Den norske kyrkja er i stadig endring, og Kyrkjebladet tek mål av seg til å halde følgje. Trusopplæringa som vert innført, steg for steg, vil gje oss meir å «skriva heim om», og ikkje minst å informere våre lesarar om. Me kjem til å nytte midtsidene i bladet til å informere om aktivitetar og hendingar, både dei som kjem og dei som har vore. Meininga er å etter kvart lage eit eige «blad i bladet», lett atkjennande som gjev eit samla bilete av aktivitetane i trusopplæringa. Då håper me at bladet kjem til å liggje lett tilgjengeleg på kjøkkenbenken i kvar ein hei. «Kva skjer? Sjekk i Kyrkjebladet».

### Trusopplærer og kyrkjelydsprest på eige budsjett

Når me i år har tilsett ein trusopplærer, som og er prest, er det fordi det har kome friske og øymerka pengar til trusopplæringa gjennom løyvingar i statsbudsjettet. Alle sokna i vårt prosti fekk dette frå i fjor av, og dei fleste kyrkjelydane i Noreg nyttar desse pengane til lønsmidler. Når me «har råd» til å tilsette ein trusopplærer trass i eit sparsomt kyrkjeleg driftsbudsjett, er det altså fordi me fått eigne midler til å gjere dette.

### Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

Wenche Horvei

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrjekontoret for  
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 20. mai 2014**

# Kva er det viktigaste i livet?

Å stille spørsmål er lurt! Små born har ein fase der dei spør opp at og opp at «kvifor???». På toget til Dale her om dagen var det ein liten gut på ca. fire år som spurde og spurde mor si: «Går dette toget til Oslo eller Bergen?» Og: «Kvifor går dette toget til Oslo???»

Tenåringane spør kvifor må det vere so vanskeleg eller strengt? Mange spurde seg om korleis det ville gå med Noreg i OL? Eg stille som vaksen mange ulike spørsmål. Kanskje fordi eg er ein «spørjar» av natur, ein som ofte lurar på det som er bakanfor hos eit menneske eller på andre sida av ein sak.

Det finst nokon heilt avgjerande spørsmål om livet. Til dømes: «Kva er meininga med livet?» eller «kva gjer eg med dette eine livet eg har fått?» eller «kva er det viktigaste i livet mitt?» Slike livsspørsmål er livsviktige og tankane omkring spørsmåla er livsviktige! Det er lurt i ta seg tid og stillheit til å undre seg over slike utfordrande og viktige spørsmål. Gjerne saman med andre, små og store menneske. Å undre seg saman er spennande!

Har du tenkt på at Gud og Jesus også stiller mange slike livsspørsmål? Heilt fyrst i Bibelen, i forteljinga om skapinga, vandrar Gud i hagen og spør menneska: «Kor er du menneske?» Jesus spør i evangelia: «Kva vil du eg skal gjere for deg?» Livsspørsmåla skapar kontakt mellom Gud og oss. Når Gud spør slik gjennom Ordet sitt i Bibelen, så er det god grunn til å tenkje etter og prøve å setje ord på tankane

sine. Men det er slett ikkje alltid lett, fordi spørsmåla kan vere svære og vanskelege for oss der vi er i livet.

Det finst inga oppskrift for korleis ein skal undre seg over slike livsspørsmål, men her er nokre tips likevel: Start gjerne med overskrifta: «Kva er det viktigaste i livet (ditt)?» Bruk tid å tenkje på det! Så kan du kanskje finne nokon å dele spørsmålet med. Gjerne eit born eller ein ungdom, dei er ofte dei klokaste!

Vegen er for mange av oss slik at spørsmåla kjem når vi står i eit vegkryss. Kor skal eg gå og kva skal eg velja i livet? Eller når livsvegen er vanskeleg og motbakkane bratte. Kva er då meininga, kva er då viktigast, kor er Gud no? Det finst sjeldan små og enkle svar på desse store spørsmåla, men *dei kan ta oss med til Gud*. For Gud som sjølv stiller spørsmål vil og møta våre spørsmål. Ikkje så ofte med enkle svar. Oftare på ein uventa måte og som noko vi ser i ettertid. Men kontakten med Gud er oppretta, i samtalen med han vert relasjonen med han verkeleg. Slik er Gud til stade i livet også i dei store spørsmåla.

«Kva vil du eg skal gjere for deg?», spør Jesus. I dag vil eg svare han: La meg få dele spørsmåla mine med deg, Jesus. La meg få dele dei med nokon små eller store menneske i ein god samtale, gjerne i kyrkjene her i Vaksdal. «En skulle vøri fire år i...» heile livet - og aldri slutte å spørje og lure og samtale. For å dele tru og liv med kvarandre slik, det gror det mykje god velsigning ut av!

Marianne Bergsjø Gammelsæter  
Kyrkjelydsprest/trusopplærar

# Min salme

Sist kyrkjeblad vart Sjur Brattabø utfordra til å kome med sin salme. Her er bidraget hans:

I læreryrket har eg alltid vore glad i «Måne og sol» salmen. Å høyra små born syngja for full hals, høyra den levande melodien, gjerne tostemt, eller i kanon-form, høyra rytmen og overgangane, det har gitt meg mange fine opplevingar opp gjennom åra. Salmen er skriven i 1974 av den svenske teologen Britt G Hallquist, medan melodien er laga av komponisten Egil Hovland.

Måne og sol er ein salme som er mykje brukt, og passar i ulike samanhengar, frå barnegudstenester til gravferder. Mitt fyrste møte med salmen var frå tida på søndagskule i Jondal, der eg hugsar store og små song så «veggane rista»

Salmen er ei hylling til skaparen, han som har skapt både himmel og jord. I RLE faget har eg mange og gode samtalar med skuleungdommen. Temaet «Kven har skapt?» engasjerer og utfordrar dei unge. Er det ein gud som har skapt, eller ein uendeleg stor eksplosjon som seinare har utvikla seg til alt me kan sjå rundt oss? Svara er mange og ulike, gjennomtenkte og lite gjennomtenkte, men konklusjonen vert som regel at alt handlar om tru.

**Stafetten går vidare og Sjur utfordrar Lars Ragnvaldsen til å kome med sin salme til neste kyrkjeblad.**

**Tekst:** Britt G. Hallqvist 1973  
**Omsetjing:** Arve Brunvoll 1977  
**Melodi:** Egil Hovland 1974

**1** Måne og sol, vindar og hav  
 og blomar og born skapte vår Gud.  
 Himmel og jord, allting er hans,  
 Herren vår Gud vil vi takka.

Omkvede:  
 Herre, vi takkar deg,  
 Herre, vi prisar deg,  
 Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

**2** Jesus, Guds Son, død på ein kross,  
 for alle, for oss, lever i dag.  
 Ja, han er her, ja, han er her.  
 Herren vår Gud vil vi takka.

Omkvede:  
 Herre, vi takkar deg,  
 Herre, vi prisar deg,  
 Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!

**3** Anden, vår trøyst, levande varm  
 og heilag og sterk, talar om Gud,  
 leier oss fram dag etter dag.  
 Herren vår Gud vil vi takka.

Omkvede:  
 Herre, vi takkar deg,  
 Herre, vi prisar deg,  
 Herre, vi lovsyng ditt heilage namn!



## No kjem biskopen!

Halvor Nordhaug (biletet) er biskop i Bjørgvin, og kjem på visitas 11.-16. mars. Sist det var visitas i Vaksdal var i 1998, då Ole D Hagesæther var biskop, og før det i 1988 då Per Lønning var biskop. Men kvifor er det visitas? Me spør biskopen.

- Visitas er noko av det viktigaste eg gjer som biskop, seier Nordhaug. - Ordet «biskop» tyder «tilsynsmann», og eg kjem til Vaksdal for å sjå dykk - og for å sjå til dykk. Eg kjem som ein representant for fellesskapen i bispedømet og i kyrkja som heilskap, og eg vonar eg kan opp-

muntre dykk til tru og teneste, seier han.

- Det er lagt opp eit omfattande program for meg over tre dagar. Eg skal sjå til staben og sokneråda og samtale med dei om strategi og vegval for kyrkja framover. Eg skal møte elevar og lærarar i skulen, samtale med kommuneleiinga, vitja Dale of Norway og Fagertun leirstad, samtale med folk i Eksingedalen om det å vere kyrkje i grisgrendte strok og mykje anna. I tillegg kjem visitasgudstenesta på søndagen.

Biskopen var i Bergsdalen i januar då han vigsla Marianne B.

Gammelsæter til prest, og i juni var han kort innom Bergsdalshytta, Bergsdalstunet og kyrkja i Bergsdalen. Elles har han ikkje vore her før.

- Som så mange andre har eg hitil dessverre berre kjørt gjennom Vaksdal kommune, det har eg til gjengjeld gjort svært ofte. Men no ser eg fram til å kunne gå ut av bilen, gje meg tid og treffe dykk som bur der. Det er ingen ting som er så kjekt for ein biskop som det å komme på visitas. Eg gler meg!

*Tekst/intervju: Frode Kvamsøe*

# Utdrag av PROGRAMMET FOR VISITASEN

## **TYSDAG 11. MARS**

- kl. 11:30 Lunsj på Bergo skule, og møte med elevar og lærarar.
- kl. 15:00 Middag på Fagertun og informasjon om leirstaden.
- kl. 17:30 Gudsteneste i Eksingedalen kyrkje. Kyrjekaffi med samtale etterpå.

## **ONSDAG 12. MARS**

- kl. 10:00 Møte med Vaksdal kommune.
- kl. 11:15 Spørjetime med elevar og lærarar på Dale ungdomsskule, lunsj og møte med RLE- lærarar frå heile kommunen på Dale skule.
- kl. 14:30 Besøk på Dale of Norway.
- kl. 15:15 Kommunal middag og informasjon om BKK på BKK kurscenter.
- kl. 17:30 Møte med soknerådsleiarane i Dale bedehus.
- kl. 18:00 Soknerådssamling i Dale Bedehus.

## **TORS DAG 13. MARS**

- kl. 10:00 Skulegudsteneste i Stamnes kyrkje i høve 200-års jubileet for Grunnlova.
- kl. 12:00 Lunsj og samling i Dale bedehus for prestane i prostiet.
- kl. 18.30 Ung Messe i Vaksdal kyrkje.

## **SØNDAG 16. MARS**

- kl. 11:00 Visitasgudsteneste i Dale kyrkje, felles for alle kyrkjelydane. Kyrjekaffi i Turbinen.

Det kan koma endringar i det oppsette programmet.

## GUDSTENESTER UNDER VISITASEN

### Tysdag 11. mars kl. 17.30 i Eksingedalen kyrkje

Gudsteneste for heile Eksingedalen, ved Nordhaug og Kvamsøe, kantorane i Vaksdal og born og unge frå Eksingedalen. Etter gudsteneste vert det kyrkjekaffi med samtale om å vere kyrkje i små bygdesamfunn, ein samtale som og er aktuell for Eidsland og Bergsdalen sin del.

### Torsdag 13. mars kl. 10.00 i Stamnes kyrkje

Skulegudsteneste med markering av Grunnlovsjubileet, ved Nordhaug og Bø, kantorane og skuleborn frå Stamnes skule.

### Torsdag 13. mars kl. 18.30 i Vaksdal kyrkje

Ung Messe ved Nordhaug og Gammelsæter, kantorane og band. Etter gudstenesta vert det ei samling for barne- og ungdomsleiarane i kyrkjelydane.

### Søndag 16. mars kl. 11.00 i Dale kyrkje

Visitasgudsteneste for heile Vaksdal, ved Nordhaug, Hellesøy og prestane i Vaksdal, kantorane, felleskor (Dale mannskor, Kilden og Kordial) m. fl. Nattverd. Visitasforedrag.

Kyrkjekaffi i Turbinen etter gudstenesta, med eit kort program i tillegg til kaker og kaffi.

## SOKNERÅDA, FELLESRÅDET OG DEI TILSETTE

For biskopen er møtet med sokneråda ein vesentleg del av poenget med visitasen. Dette møtet skjer onsdag kveld. Fyrst skal han ha ein samtale berre med soknerådsleiarane. Samtalen gjev rom for leiarane til å snakke med biskopen om saker av litt meir fortruleg karakter. Så kjem alle sokneråda saman for å drøfte visitasmeldinga biskopen har fått, inkludert å snakke om strategi og veivalm for sokneråda og kyrkja i tida som kjem.

Biskopen skal og møte staben ved Kyrkjekontoret, og ha einskildsamtale med somme av dei.

## KOMMUNE OG ARBEIDSLIV

Det er ikkje berre sjølve det kyrkjelege arbeidet som opptek ein biskop. Difor er det lagt inn orientering om arbeidslivet – representert ved DoN og BKK, og møte med representantar for kommunen si leiing.

## MØTE MED SKULEN

Biskopen vil gjerne bli kjent med og oppmuntre til samarbeidet melom skulane og kyrkja. Difor vitjar han Eksingedalen skule og ungdomstrinnet ved Dale barne- og ungdomsskule.

## Vårtreff 2014

Vårtreffet er i Jondal første helga i april. Korsongarar frå korskulen i Vaksdal er deltakarar på vårtreffet. I år vil ein song laga i Vaksdal vere noko av repertoaret. Kristin Straume Audestad og Olav Arne Steinkopf har saman laga fleire songar. Nokre er allereie utgjevne og fleire er til trykk. Søndag 6. april er det gudsteneste i Jondal kyrkje kl 11.00.

Sidan det ikkje er gudsteneste i nokon av kyrkjene i Vaksdal er det eit fint høve å ta turen til Hardanger og oppleve korsong av born og unge i Jondal kyrkje.



# Marianne er på plass

*Marianne Bergsjø Gammelsæter har vore i sving som trusopplærar og kyrkjelydsprest i om lag to månader no, og Kyrkjebladet har hatt ein liten prat med henne.*

## Dei første vekene

Korleis har det vore dei første vekene?

- Sååå kjekt! Eg kjenner eg er godt teken imot i dei møtepunktta eg har hatt med menneska her, både små og store, og eg kjenner meg velkomen i staben på Kyrjekontoret. Det har vore fint å få overnatte meir i Bergsdalen, seier Marianne.

- Det har knytta meg ennå sterkare til kyrkjelydane og kommunen. Og så har eg fått gått litt meir på ski enn elles.

## Pendlar

Marianne bur på Sotra saman med mann og born, og me lurar på korleis det er å vere pendlar.

- Eg har jo ei halv stilling, men me har laga eit godt opplegg så det går kjempefint, seier ho. - Det er veldig fint å kunne pendle med tog til og frå Dale, og å bruke skulebussen i Bergsdalen i vekene. Det er jo mange som pendlar tilsvarende kvar dag, så pendlinga er heilt grei. Det er då ikkje så langt til Bergsdalen og kommunen elles, smilar Marianne.

- Eg har to faste arbeidsdagar på Kyrjekontoret, onsdag og torsdag. Etter kvart vil meir og meir av arbeidet bli knytt til gudstener og helger. No har med fått oss bil med firehjulstrekk, så det skal ikkje bli noko problem med bilkøyring heller.

## Trusopplærar og prest

Marianne er tilsett som trusopplærar i kyrkjelydane i Vaksdal, og er samstundes prest. Ho ynskte å bli vigsla til



**Marianne Bergsjø Gammelsæter er på plass som trusopplærar og kyrkjelydsprest.** Foto: J. R. Torsvik

prest i Bergsdalen. ME spør korleis den dagen vart.

- Bergsdalen hadde pynta seg med snø og sol, og kyrkja var heilt full av gode menneske frå kommunen, vener og familie, seier Marianne begeistra.

- Det var kor, band, jazz-

musikk og mange av dei finaste salmane eg veit om! Og om ikkje nokon høyrde songen heilt ned til Dale, så hang i alle fall stemninga godt i i Bergsdalen! Etterpå inviterte fellestrådet til stor kyrkjekaffi på Bergsdalstunet. Der var det eit bognande

kakebord og skillingsbollar frå bakaromnen! Dette vart ein sær god start der eg fekk møta mykje folk frå kyrkjene i heile Vaksdal, seier ho.

Marianne har tittelen kyrkjelydsprest, og frå før er det to sokneprestar i Vaksdal. Treng me fleire prestar i Vaksdal, Marianne?

- Presteutdanninga tok eg uavhengig av stillinga her i Vaksdal, og før eg søkte henne. Så då var det naturleg å bli vigsla til prest og å gjere teneste som prest her i Vaksdal.

Ho skal ikkje erstatte Edvard og Frode, seier ho.

- Eg skal supplere dei. Til dømes skal eg ikkje vere med i noko sokneråd. Gravferd og vigsel skal eg heller ikkje ha, med mindre eg får vikaroppdrag her eller andre stader. Mitt fokus skal vere på gudstener i trusopplæringa, og det skal skje i samarbeid med dei to andre prestane. Det er flott at me er fleire prestar, for då kan me ha meir tid til ein-skildmenneska, anten det er unge eller eldre, og me prestane kan utfylle kvarandre på ein god måte.

- Me held og på med ein heilskapleg plan for trusopplæringa i Vaksdal som eg har ansvar for å fullføre. Og det er viktig å få engasjert uløna medarbeidarar i kyrkjelydane, slik at me kan få til ei trusopplæring for fleire born og unge i heile kommunen, seier Marianne til slutt.

**Tekst/intervju:**  
**Frode Kvamsøe**



## Frå prestevigslinga i Bergsdalen kyrkje 12. januar



Prosesjon med full kyrkje. Foto: S.Tøsse



Som ein del av sjølve vigslingshandlinga vart Marianne bedt for av biskopen og andre forbedarar. Foto: J R Torsvik



Marianne preika om å vere medvandrar, og i til å hjelpe seg i preika hadde ho biskope, Therese Fyllingen og Anne Oline Gammelsæter. Foto: J Z Meyer



Kyrkjekaffien vart inn leia av musikk, der somme av musikarane frå kyrkja spela. Desse kallar seg PIL (Pause i livet). F.v. Ingrid Ø. Steinkopf, Thomas Lossius, Bjørn Helge Gammelsæter og Knut Erling Gammelsæter. Foto: S. Tøsse



Mange var med til Bergsdaletunet etter gudstenesta, og begge etasjane måtte nyttast for å få plass til dei. Foto: S. Tøsse



# På veg!

Det er spennande å gå på nye stiar og finne fram på ukjende vegar! Slik kan det kjennast å ta fatt som kyrkjelydsprest og ha ansvar som trusopplærar her i Vaksdal. Men det har verkeleg vore ein «flying start»!

Midt i januar var alle sokneråda samla til felles møte på Dale. Det vart ein nyttig og god møteplass der vi drøfta strategi. Vi snakka både om trusopplæringa, gudstenestene, kyrkjemusikken og noko om diakoni. Det har i lengre tid vore arbeid for å få eit oversyn over alle trusopplæringstiltaka i alle sokna i Vaksdal. Ei trusopplæringsnemnd har

gjort denne jobben. Dei har og kome med framlegg til ulike nye tiltak framover. Det fint å få trefte så mange frå sokn(eråd)a slik at eg får skaffa meg oversyn over sokna og kyrkjene, og kan finne ut meir om både folk og kultur.

For nokre veker sidan fekk eg vitja Stamnes med ho Eidrun som ein utmerka, «guide»! Så no er det berre Eksingedalen og Nesheim som står igjen på den kanten, og det ser eg fram til i samband med visitasen! (Eksingedalen si nettside er førebels vel verd å studera!)

LysVaken

## Lys Vaken

Fyrste helga i februar hadde vi Lys Vaken i kyrkja på Dale. Då kjende eg at no er eg skikkelig i gong med trusopplæringa her! Lys Vaken er noko av det finaste vi gjer saman i kyrkja. Å få dele opplevingar i det fine kyrkjerommet, dele fellesskap, pizza, rebus, «høgt og lågt», ei stille vandring med «Kristuskrans-perlene», høgtlesing, søvn inne i kyrkjerommet (!) og ikkje minst eit flott gudsteneste med mange born som deltok. Det var òg ein kjempegod kyrkjekaffi og kyrkjebrus etterpå! «Lys Vaken»; ikkje fordi vi ikkje søv, men fordi Gud er Lys Vaken for oss heile tida og fordi vi skal få vere Lys Vakne for kvarandre! Slike minne sit ikkje berre i hovudet, men i kroppen og sjela og dei varer lenge!



Kristuskransen er delt ut, og Marianne forklårar kva perlene tyder (over).

Kristuskransen (t.v.).





Trym får prøve seg på orgelet, og Tone Synnøve hjelper til. Foto: Inger Line Langhelle



Grupa med tårnagenter får instruksar og lyttar intenst. Foto: Inge Line Langhelle

## Tårnagenthelg

Helga etter var det Tårnagent-helg på Vaksdal for åtte- og niåringane frå heile Vaksdal. Det var «sjefsagenten» som inviterte på vegne av kyrkja, og ungane fekk utdelt agentbevis og ulike agentoppdrag. Det var mykje spennande som føregjekk på laurdagen med sporlaup i kyrkja, besøk heilt opp i kyrkjearnet til dei store kyrkjeklokkene,

utforsking av orgelet og forteljing om kvifor dåpskjolen er så lang.... Det var òg førebuing av gudstenesta til søndagen, agentsuppe (!) og vi øvde på Tårnagentsongen. Søndag feira vi gudsteneste der mange deltok, og etterpå var det «tårn-iskake» og mykje anna godt. Ein flott gjeng som så ut til å gle seg over å vere i kyrkja denne helga!




## Trusopplæring

Heile kyrkja vår og alle døypte vil verta inkludert i trusopplæringa i Vaksdal fordi mykje av trusopplæringstiltaka vil verta knytt opp til ulike gudstenester. Noko vil verta knytt mot høgtidene og nokre tiltak vil ha preg av vandringar, med ulike tema, både ute og inne. I rammeplanen står det at «trusopplæringa skal vere systematisk og samanhengjande» og at det skal omfatte «alle dei døypte» frå null til atten år. Likevel tenkjer vi heile familien, besteforeldre og fadrar, men og dei

som sjølve ikkje har born får vere med. «Gud gjev – vi delar» heiter den nasjonale trusopplæringsplanen. Det er ein kjempefin tittel! Det er nemleg det det handlar om; at Gud har delt alt med oss, både livet, skaparverket, trua, medmenneska våre - alt! Så får vi dele livet vårt med Gud, i tru og tillit (og samstundes i tvil) og vi får dele liv og fellesskap med kvarandre, både i kyrkja og ute! Vi er på veg! Det mange «spen-

nande» vegar å kjøre i Vaksdal..., men i trusopplæringa er vegane spennande på ein god måte. Alle som bur i Vaksdal kan vere med å ta del i kor vegen skal gå vidare. Vi har akkurat byrja å gå, og vi går vegen saman! Må Gud velsigne oss alle, små og store og trusvegen vi går!

**Marianne Bergsjø**  
Gammelsæter  
Prest/trusopplærer



**STØRST AV ALT**  
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Trusopplæringa er i høgste grad på veg i Vaksdal! Her skjer mykje og det er mange møtepunkt både i kyrkjene og på bedehusa der ungane og ungdomane deltek i trusopplæring. Men kor går vegen vidare? No har vi byrja på vegen med eit planutkastet som føreligg. Eg som trusopplærer og prest ynskjer å gjere meg kjend med både små og store og ikkje minst med historia og kulturen her i Vaksdal. Slik trur eg vi best bygger berekraftig og god trusopplæring for alle.

## Utdrag frå årsmeldinga: **Kyrkjemusikalsk verksemd i 2013**



*KORSKULEN I VAKSDAL har stor aktivitet. Samla sett utgjer det følgjande:*

**Baby/småbornssongen på Stamnes** har eit godt samarbeid med Stamnes barnehage og eit opplegg som fungerer bra. Responser er positiv og barnehagen ynskjer å ha dette tilbodet. Talet på samlingar har vore jamt over fleire år, og oppmøtet er godt. Talet på småborn minkar på Stamnes og dette merkast i baby/småbornssongen. Deltakarar er både foreldre med born heime og besteforeldre, i tillegg til barnehagepersonalet, og dette er positivt.

**Stamnes barnekor** er i full aktivitet med mange yngre medlemmer i koret, heilt ned i to-tre års alderen. Det var god oppslutning sist haust, og det er framleis medlemmer frå andre bygder òg! Medlemstalet er stabilt, sjølv om det varierar noko i oppslutning på øvingane og opptradenane. Koret har ein stabil kjerne.

**Stanghelle/Dale barnesongkor** har medlemmer frå både Stanghelle


og Dale. I vår var det framleis ei lita gruppe på tre som var med, medan i haust kome det til nokre nye songarar. Eit medlem gjekk over til Kilden. Våren var ein kjekk periode med tur til Samnanger på Vårtreff, der musikken ein øvde vart framført på gudsteneste i Vaksdal kyrkje. I tillegg til å delta på gudstenester hadde koret konsert i lag med Kilden i Dale kyrkje. Hausten har hatt fokus på å inkludere dei nye i koret og samtidig ivareta dei eldste. Dette er alltid ei utfordring. I haust var koret innom og song på Daletunet på avdelingane. Det vart det sett stor pris på. Fast tradisjon har vore å delta på juleverkstaden på Vaksdal og i år deltok ein på adventskonsert på Dale.

**Vaksdal barnekor** har framleis noko låg oppslutning, men stabilt. Det var nokre born innom i vår, men det førte ikkje til at dei vart med fast. Koret var på vårtreff og deltok òg på konserten i lag med Kilden. I haust kom det ingen nye ved opp-

starten, men dei tidlegare medlemmene er framleis med og det er bra. Fast tradisjon har vore å delta på juleverkstaden på Vaksdal og i år deltok ein på adventskonsert på Dale.

**FOR DEI ELDSTE I KORSKULEN ER TILBODET KILDEN -14 (13) ÅR OG OPPOVER.**

**Kilden** har hatt eit fint og aktivt år. Det er godt samholdet i koret, og koret markerar seg positivt utad. I vår hadde koret samarbeid med Kordial og Bergens turnforenings orkester og framførte «Spelemann på taket» i Dalehallen. Eit kjekt samarbeid. I mai hadde koret vårkonsert med barnekor i Dale kyrkje. Koret heldt minikonsert under Daledagane i Dale kyrkje. Kilden hadde i haust opptreden i Modalen som vart sett stor pris på. Ein hadde òg songkveld i Eidslandet kapell der ein i lag med kulturskuleungar samla fullt hus. Kilden deltok på Salmeslaget som vart arrangert i



november med konfirmantane, og hadde viktige bidrag der. Kilden deltok på adventskonsernten på Stamnes i desember mellom anna i lag med Ragnhild Straume. Elles har koret delteke både på Ung Messe, møter lokalt og andre gudstenester og arrangement lokalt. Medlemstalet er stabilt, med litt utskifting og fornying, og koret har ei viktig rolle i det kyrkjemusikalske arbeidet her i Vaksdal.

### Ungdomane i korsulen


Nokre av dei eldste i barnekora og dei yngste i Kilden er det kjekt å kunne gje ekstra utfordringar. Desse vart sendt på hausttreff for ungdomar i Ung kirkesang som var eit samarbeid med fleire organisasjonar som arbeidar med ungdom. Dei heldt til i Åsane kirke, deltok på konsert i Johannes kirken og på gudstene i domkirken i Bergen. Slike tiltak har ein eit ynskje om å kunne få til vidare.

Kantorane i Vaksdal har òg i år halde fleire konsertar. Eit viktig punkt på programmet er orgelreitasjonar i påskeveka og morgonkonsert under Daledagane. Dette året hadde ein i tillegg nattkonsert under Daledagane i lag med Per Jørgensen og dette var ei annleis utfordring for kantorane, og ein spesiell måte å arbeide på. Publikum vart tekne med frå første stund og vart innhilla i ei eiga stemning i den timen konserten varte.

Kantorane er involverte i mykje av song og musikklivet i heile kommunen, og dette nyter me godt av i kyrkjelivet.

## Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret



**Kyrkja i dalen** (2008)  
Nesheim kyrkje 100 år.  
111 sider -  
**NY PRIS kr 150,-**  
Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



**Dei bygde draumen**  
(2005)  
Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år.  
220 sider -  
**NY PRIS kr 200,-**  
Kan kjøpast her:  
Dale: Gyda.  
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



**Kyrkjestaden Dale**  
**100 år** (1996)  
104 sider – kr. 50,-.



**Soga om Stamneskyrkja**  
(1986)  
239 sider – kr. 50,-.



## Vaksdal gravplass mur

I desse dagar hentar me inn tilbod på reparasjon av muren til gravplassen på Vaksdal. Om lag tjue meter av muren langs Tvesporvegen måtte plukkast ned, av di den sto i fare for å velte inn over dei nærmaste gravene. Den kunne og vere til fare for publikum.

Den delen som står att, som har same typen fundamentering, må og rivast ned. Det er usikkert kor lang tid det vil ta før den utvalde entreprenøren er klar for oppdraget, men arbeidet skal gjerast i løpet av sommaren.



## Kledningsarbeid på Eidsland kapell

Vaksdal kommune vidaresendte ei melding frå ein av innbyggjarane på Eidsland om at det var skadd ei vindski på sakristiet på Eidsland. Av di kledninga på gavlveggen til sakristiet var i svært dårleg stand, og måtte skiftast, vart det leigt inn tømmer til å ta arbeidet. Vindauget til loftet hadde roteskader i karmen, og vert skifta så snart det kjem nytt frå fabrikk.

Det kan elles seiast at til våren skal kyrkja etter planen målast. Det kan diverre dukke opp fleire slike roteskader på kyrkja, særleg sakristiet, men dei vert reparerte så lagt det finst midlar til det.

## Nye trådlause mikrofonar i kyrkjene

Post – og teletilsynet si omlegging av frekvensbandet for trådlause utstyr gjorde at me måtte kjøpe inn nye trådlause mikrofonar og mottakarar i alle kyrkjene. Frekvensbandet skulle nyttast til mobiltelefonnett, og me risikerte forstyrringar og bot om me ikkje skifta ut utstyret. Nokre nye anlegg er monterte, resten vert gjort i løpet av våren. Kostnadene er om lag kr 30 000.

## Rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd for 2013

Eit førebels rekneskap viser at underskotet frå tidlegare år no er dekt inn, ved hjelp av ekstraløyvinga frå kommunen. Det er i tillegg sett vekk nokre midlar til vedlikehald av kyrkjene som me ikkje fekk nytta i fjor. Teknisk sett har me eit overskot, men det er før me går gjennom festerekningar som ikkje er betalte innan forfall, og som kan føre til ein reduksjon i dei reelle inntektene. Budsjetten for 2014 og Vedlikehaldsplanen for 2014 – 2017 vert revidert i mars, og dei avsette midlane vert gjort tilgjengeleg for vedlikehaldsarbeidet.

## KYRIE ELEISON

«Sjå i nåde til meg», «Ha miskunn med meg»,  
Fader, Son og Heilag Ande!

Dette er bønneropet ein syng tidleg i gudstenesta. Fleire forteljingar i bibelen inneheld denne bøna, som til dømes den blinde Bartimeus. Han roppte dette for at Jesus skulle høyre han og hjelpe han. Første gong ein høyrer om dette leddet i gudstenesta er på slutten av 300 –talet:

«Ein kristen frå Gallia var på pilegrimsreise til Jerusalem, der han mellom anna overvar vesperen (kveldsbøna) i den kristne kyrkjelyden. Ved slutten av denne gudstenesta vart det bedt ei lengre forbøn. Ei rekkje namn vart nemnde, og ein stor flokk med born braut inn med Kyrie eleison etter kvar bøn.»

Me ber òg dette treeinige ropet til Gud Fader, Sonene og Den heilage Ande i starten av kvar gudsteneste. Det er både eit hyllingsrop og eit nødropsrop. Ropet vert retta mot ein som kan hjelpe og som fortener å verte hylla.



KVINNENES  
INTERNASJONALE  
BØNNEDAG

### Fredag 7. mars kl. 11.30 i kapellet på Daletunet

I år er det Egypt som har laga programmet til Kvinnenes internasjonale bønnedag. Den Egyptiske kyrkja er sterk. Vi gler oss over at dei Egyptiske kyrkjefamfunna tek del i økumenisk tiltak som bønnedagen er. Bønnedagen er kvart år på den første fredagen i mars. I Egypt vert det halde flott familiefeiring mellom kristne. Kvart år vert det samla inn pengar til ei særskild sak som kommiteen har bestemt. I år går midlane til prosjektet "kvinnbibel" i Midtøsten. Det er ein bibel som har konsentrert seg om kvinnene i Bibelen og det dei fekk utført for folk.

Alle er velkomne til bibellesing og bøn. Vi er ikkje åleine, men er saman med kvinner i heile verda. Det er stort å få vera med.

Eli Kringlebotten



## Det skjer i bedehusa

### DALE BEDEHUS

**Onsdag 9. april** kl. 19.00 og

**Torsdag 10. april** kl. 19.00: Møter. Tale ved Leiv Nesheim

**Onsdag 7. mai** kl. 19.00: Møte. Tale ved Reidun Skurtveit

**Laurdag 17. mai** kl. 18.00: Fest! Tale ved Leiv Nesheim.  
Variert program. Servering.

**Onsdag 21. mai** kl. 19.00: Møte. Tale ved Leiv Nesheim

### VAKSDAL BEDEHUS

**Lørdag 8. mars** kl. 16.00: Basar (Misjonssambandet).

**Søndag 9. mars** kl. 11.00: Storsamling

**Søndag 30. mars** kl. 11.00: Storsamling

**Søndag 27. april** kl. 11.00: Storsamling

**Torsdag 1. mai** kl. 16.00: Basar til inntekt for bedehuset

**Søndag 25. mai** kl. 11.00: Felles storsamling

### FELLESMØTER

i Vaksdal bedehus med Leiv Nesheim

**Onsdag 26. mars** kl. 19.00

**Torsdag 27. mars** kl. 19.00

**Fredag 28. mars** kl. 19.00. Song av Kilden

**Laurdag 29. mars** kl. 19.00

**Søndag 30. mars** kl. 11.00: Storsamling

### DALE, Søndagsskolen

**Lørdag 15. mars** kl. 11.00:

Tur til Skileikanlegget i Bergsdalen

**Lørdag 12. april** kl. 11.00: Påskeverkstad

i Dale bedehus

**Lørdag 10. mai** kl. 11.00: Ut på tur

### VAKSDAL (bedehuskjellaren)

**Søndag 9. mars** kl. 11.30

**Søndag 30. mars** kl. 11.30

**Søndag 27. april** kl. 11.30

### VING

For dei som går i 5.- 7. klasse:

Fredagar kl. 18.30-20.30

**14. mars og 28. mars, 11. april og 25. april, 9. mai**



SØNDAGSSKOLEN  
Jesus til barna



**KIRKENS NØDHJELP actalliance**

**KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON**  
**SAMAN FOR ANDRE**  
 6.-8. april 2014

Støtt Kirkens Nødhjelp og skap forandring.  
 Saman med andre. For andre.  
 For kvarandre.

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr) eller ring **820 44 088** (200 kr) eller benytt kontonummer **1594 22 87493**

**Kyrkjebladet for Vaksdal**  
 I dette nummeret har me lagt inn ei rekning for abonnement eller gåve, og håper de ynskjer å støtte oss i arbeidet med utgjevinga. Kontonummeret er **3500 07 05800**. I nettbanken kan du bruke KID 1009000001388, eller nytte meldingsfeltet til å leggje inn namnet ditt.

Hugs adresseendring om du bur utanfor Vaksdal kommune!  
 Me takkar for god hjelp frå abonnentar og gjevarar til å dekkje kostnadene med utgjevinga, og håper at de vil halde fram med det.

**Alt innan tømrararbeid**

**TLF. 922 65 739**

**Frys du???**

**AO-senteret KF kan hjelpa deg med:**

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

**DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN**  
 Opningstider: 7.30 - 15.00  
 Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no  
 ao-senter@vaksdal.kommune.no

**Bergsdalstunet**

Bergsdalstunet  
 56 59 89 34



## Purring på krav om festeavgift

Talet på ubetalte rekningar på festeavgifter har gått opp i høve til tidlegare år. Ein av grunnane til dette er kanskje den nye utforminga av blanketten som vert sendt ut. Den vanlege giroen med gul del nedst på arket er borte, og dei nye blankettane kan ikkje nyttast som brevgiro.

Kyrjekontoret har i vinter fått fleire telefonar med klager på dette. No lovar rekneskaps-avdelinga i Bergen at me skal få endra på dette. Me sender snart påminning om dei forfalte rekningane, og ber de som brukar brevgiro om å ta kontakt med kyrjekontoret på tlf. 56 59 39 20 om de treng hjelp.

**Pinseleir på Fagertun  
6.-9. juni  
for dei over 18 år**

Ring/send SMS til 991 65 714  
for meir informasjon.

## Vinterleir 2014 for deg som går i 4. til 7. klasse!

Det vert også i år to vinterleirar på Fagertun: 28.-30. mars og 4.-6. april

Om du har vore det før eller ikkje: Vi lovar at du vil få det heilt topp på leir!

Mellom anna vil du få oppleve:

**- Å treffa nye venner - Aktivitetar ute og inne - Song, latter, møter og mykje meir ...**

Leiren kostar berre kr 450,- (søskenmoderasjon kr 50,-). Påmeldingsfrist er 10. mars. Ved påmelding bed me om at det vert opplyst om kva leir du har som fyrsteprioritet, og om du ynskjer eit andreval dersom det ikkje er plass der. Dette er svært viktige opplysningar for oss som arrangerer leirane, så ver snill å gje opp desse opplysningane! Me håpar at akkurat DU vert med, så skund deg å melda deg på!

**Påmelding med ditt namn, adresse, klassetrinn, telefonnummer og e-postadresse kan du senda på e-post eller sms til Åshild: aasrene@hotmail.com / 991 65 714**



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

Vil du være  
med og gi  
mennesker  
håp om  
en bedre  
fremtid?

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) ønsker å gi mennesker håp. Vi ønsker å gi barn i Vest-Afrika håp om en bedre framtid og vi ønsker å være med og løfte helsetilbudet i Mongolia. Vi ønsker å være med og gi håp til forfulgte kristne i Sentral-Asia og å gi kvinner i Etiopia håp om å kunne føde et sunt og friskt barn – og selv overleve fødselen. Men mest av alt ønsker vi å gi mennesker håp om en bedre framtid og håp om et evig liv.

### BLI FAST GIVER!

Send sms med koderord  
**NLM FG + e-postadresse til 2377**  
eller se nlm.no. Du kan også gi en  
enkeltgave på **NLMs gavekonto**  
**8220 02 90131**

SMS

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop**  
**marked**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL**  
**ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrika-  
tenester, også varmpumper.  
Tlf. 56 59 43 00

**SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET**  
**DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Vaksdal

09.02 Nataniel Czajkowski

### Dale

01.12 Synnøve Langhelle Hesjedal

12.01 Leonard Hesjedal Tetoka

02.02 Ina Espeland Ulveseth

23.02 Kristoffer Bruvik

### Stamnes

16.02 Tage Tennebekk Vik

## VIGDE



### Dale

08.02 Kari Anne Jakobsen og Orhan Özmen

## DØDE



### Dale

25.12 Anny Gjertine Kvamme 1927

16.01 Rune Faugstad 1949

10.02 Klara Helene Brekke 1929

10.02 Gerd Nyberg 1945

### Vaksdal

23.11 Rigmor Bruvik 1920

17.12 Ovidia Herfindal 1920

04.01 Gunnar Karlsen 1949

10.01 Egil Kurt Vågenes 1927

### Stamnes

03.01 Birgit Lunde 1929

### Eksingedalen

24.12 Gunnvor Tyssen 1928

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## Sundag 9. mars - 1. søndag i fastetida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon. Årsmøte og kyrkjekaffi.

## Sundag 17. mars - 2. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Visitasgudsteneste. Biskop Nordhaug, prost Hellesøy og prestane i Vaksdal. Nattverd. Song av stort felleskor. Takkoffer til trusopløringa i Vaksdal. Kyrkjekaffi i Turbinen etterpå. Sjå eige oppslag når det gjeld dei andre gudstenestane under bispevisitasen.

## Sundag 23. mars – Maria bodskapsdag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer.

## Sundag 30. mars - 3. søndag i fastetida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Årsmøte og kyrkjekaffi.

## Sundag 6. april - 4. søndag i fastetida

2. søndag i påsketidam Ingen gudstenester i Vaksdal.

## Sundag 13. april - Palmesundag

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00 (merk tida). Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Utdeling av Nytestamente. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen. Kyrkjekaffi.

BERGSØYANE (Bergsdalen) kl. 12.30. Sportsandakt. Edvard Bø.

## Torsdag 17. april - Skjærtorsdag

EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Nattverdsgudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Nattverdsgudsteneste. Bø. Takkoffer til Familie og Medier.

STAMNES KYRKJE kl. 19.00. Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

## Sundag 20. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer. Forsongarar møter kl. 10.00.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

## Måndag 21. april - 2. Påskedag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

## Sundag 26. april - 2. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med konfirmantane frå Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamnes sokn. Bø og Kvamsøe. Takkoffer til.

## Torsdag 1. mai

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Preik ved Eirik Haga. Dale Mannskor. Takkoffer til KIA – Kristent Interkulturelt Arbeid.

## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Laurdag 3. mai

DALE KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp. Dale  
Mannskor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 4. mai - 3. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp. Dale  
Mannskor. Takkoffer.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.  
Torsdagsklubben. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 11. mai - 4. søndag i påsketida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp. Takkoffer  
til Konfirmantarbeidet.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.  
Dåp. Nattverd. Takkoffer til. Kyrkjekaffi.

### Laurdag 17. mai

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Gudsteneste. Bø. Takkoffer til.  
DALE KYRKJE kl. 10.30. Gudsteneste. Kvamsøe. Takkoffer til  
Kirkens SOS - Bjørgvin.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Bø.  
Takkoffer til Fagertun.

### Sundag 18. mai - 5. søndag i påsketida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer til Fagertun.

### Sundag 25. mai - 6. søndag i påsketida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.  
Takkoffer.

VAKSDAL BEDEHUS kl. 11.00. Felles storsamling. Bø. Nattverd.  
Takkoffer.

### Torsdag 29. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Bø.  
Takkoffer til Sjømannskyrkja.

### Sundag 1. juni - Søndag før pinse

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Misjonshøgskolen.

### Sundag 8. juni - Pinsedag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for  
Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Normisjon.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.  
Dåp. Nattverd. Takkoffer.

### Måndag 9. juni - 2. Pinsedag

FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00.  
Fitjivasstemna. Aase. Matøkt (medbragt mat).

### Sundag 15. juni - Treeinings søndag

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.



## Bunad og stakkastovo as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*www.bunadogstakkastovo.no*